

● Jon Georg Dale (Frp) møter torner på sin veg – men er sikker på distriktsprofilen:

# Klunger for ministeren

– Klart eg registrerer at landbruksmeldinga mi møter motbør. Men eg er bomsikker på distriktsprofilen i meldinga.

Dette seier landbruks- og matminister Jon Georg Dale (Frp) frå Dale i Dalsfjorden i Volda. Som arkivbildet vårt frå då Dale fekk ministerposten for eitt år sidan syner, er mannen familiær med klunger, torner og beinfrosne nyper på heimebane. No har han hausta torne-stikk frå fleire stader i Distrikts-Noreg for sin varsla landbrukspolitikk framover.

Møre og Romsdal Bondelag har gått delvis på barrikadane, og får støtte av Sunnmørsposten på leiarplass i skepsisen mot å redusere talet på såkalla mjølkeregionar i landet frå atten til ti. Leiar Oddvar Mikkelsen i fylkesbondelaget seier seg redd for summen av tiltaka i landbruksmeldinga, og han dreg sterkt i tvil det ministeren lovar blir betre politikk for distriktslandbruket.

## Sikker

– Kva seier du til denne kritikken, Dale?

– For det første registrerer eg at Bondelaget var ute med ei kritisk pressemelding alt før eg hadde rukke å presentert ferdig landbruksmeldinga.

– Dette meiner eg minner om skyttargravhaldningar i utgangspunktet. For min eigen del er eg svært sikker på at dei skisserte tiltaka i meldinga vil få god effekt i distrikta, seier Dale.

## Gras i utkantane

Hovudtanken til ministeren i denne samanheng, er å auke kornproduksjonen på sentrale strøk som Austlandet og Jæren, og samstundes minske grovforkrevjande drift som mjølkeproduksjon tilsvarande i same strøka.

– Dette opnar for styrka mjølkeproduksjon andre stader i landet, ikkje minst i distrikta og der det naturlege vil vere grasproduksjon, seier Dale. Han vil også styrke tilskota til aktiv bruk av utmarka, i heile landet. Men også dette vil naturgitt vere mest ute i distrikta.

## Nye regionar

– Men kva med stridens største eple, mjølkeregionane, bøndene meiner ei halvering vil ta frå dei påverknadsretten – og presse fram skeivt kvotesal?

– Bøndene har alt sjølve vore med og diskutert ein slik reduksjon. Personleg har eg ikkje greidd å få auge på at det ligg særleg påverknad i desse regionane. – Og eg kan forsikre: Eg



**TORNEKRATTET:** Landbruks- og matminister Jon Georg Dale er ikkje den som går av vegen for nokre risp frå eit klungerkjerr – heller ikkje i rikspolitikken om landbruk. Her framfor sorten heime i Dalsfjorden på desse tider i fjor, rett etter tildelinga av ministerposten. **ARKIVFOTO: KNUT ARNE AARSET**



**KYR PÅ FLYTTEFOT:** Jon Georg Dale vil sende kyr på vandring frå sentralt kornland, og ut til Distrikts-Norge. **ARKIVFOTO: KNUT ARNE AARSET**



**NEI:** Leiar Oddvar Mikkelsen i Møre og Romsdal Bondelag seier ja til bondepåverka mjølkepolitikk, og nei til grunntonen i landbruksministeren si landbruksmelding. **ARKIVFOTO: KNUT ARNE AARSET**

er fullt ut villig til å diskutere løysingar for nye regioninndelingar, tilpassa landbruket sitt beste i kvar region, lovar Jon Georg Dale. Han er klar på at det må gjerast grep for å få politikken framtidretta.

– Dette når det gjeld alt frå miljøprofilen, og mengda av mat som vert produsert, til kvar han skal produserast.

– Sentraliseringa av folk er uvilkarleg sterk, ikkje berre lo-

kalt og nasjonalt, men også internasjonalt. Ikkje minst av denne grunn er eg så innstilt på å skape vilkår som framleis vil gjere det aktuelt for folk i distrikta over heile landet vårt å satse, hevdar Dale.

## Risp

– Men det er altså ikkje berre heime i Dalsfjorden du finn klungerkratt og tornar, dei finst til fulle nasjonalt? – Nokre risp

av slike tek eg med knusandero. Men eg skal vere med på at her kan vere mykje å diskutere, og det skal vi absolutt gjere i tida fram mot neste jordbruksoppgjer, lovar matminister Dale. Som alt er i ferd med å pakke bilen for å setje kursen heim til distriktsjulefeiring.

## Skummel tone

Bondelagsleiar i Møre og Romsdal, Oddvar Mikkelsen, kjøper

ikkje ministeren si landbruksmeldingsoptimisme.

– Eg synest tonen i meldinga samla sett er direkte skummel. Ikkje berre for distrikta, men også for dei i sentrale strøk som må gje frå seg til dømes mjølkeproduksjonen dei i dag har. – Eg ser mykje splitt og hersk i denne meldinga, melder Mikkelsen.

**KNUT ARNE AARSET**  
kaa@smp.no